

20 25

ÅRSMELDING



Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag



Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag



Hordaland Bonde-
og Småbrukarlag

ÅRSMØTE 2026

Thon Hotel Norheimsund 6.-8. mars

PROGRAM

Fredag 6. mars

- 15.00 Ankomst, innsjekk og registrering
- 17.00 Utflukt til Hardanger bygdeysteri
 - Opning
 - Velkomst
 - Foredrag frå ysteriet
 - Foredrag frå Eirik Magnus Fuglestad
 - Foredrag frå bryggeriet
 - Middag

Laurdag 7. mars

Frukost

Bolk 1: Politisk verkstad

09.00 Raud-grøn politisk verkstad:

Innlegg:

- Sofie Marhaug (Raudt)
- Marte Hammer (Sosialistisk Venstreparti)
- Kjersti Toppe (Senterpartiet)
- Frøya Skjold Sjursæter (Miljøpartiet Dei Grøne)
- Benjamin Jacobsen (Arbeidarpartiet)

12.00 Lunsj

Bolk 2: Lokalt arbeid med politikk, synlegheit og rekruttering

- 13.00 Introduksjon til ny strategi v/ Nora May Engeseth
- 13.30 Innlegg frå ulike lokallag om deira arbeid med politikk, synlegheit og rekruttering
- 14.40 Pause

Bolk 3: Alliansebygging

15.00 Samarbeid mellom fagforeining og landbruk
v/ Terje Kollbotn (Raudt)

15.30 Hilsningsinnlegg frå gjestar

16:00 Pause

16.15 *Gruppearbeid: Korleis skal vi ta vidare alt vi har snakka om?*

16.45 Presentasjon av gruppearbeid – plenumsdiskusjon

17:15 Presentasjon av uttalar

17.30 Møteslutt

19:00 Middag på hotellet

Sundag 8. mars

08.00 Frukost

09:30 Felles samling

Gjensidige-avtalen, HMS.

Uttalar frå felles årsmøtesamling

11:00 Laga går kvar for seg: Årsmøteavvikling

13:00 Lunsj og heimreise

Innhald

SIDE 4: Leiaren har ordet

SIDE 6: Styret og tillitsvalde

SIDE 8: Styret 2025

SIDE 10: Fylkesstyret sitt arbeid

SIDE 16: Rekneskap 2025

SIDE 18: Landsmøte 2025 på Gardermoen

SIDE 20: Sentralstyret i Norsk Bonde- og Småbrukarlag

SIDE 24: Ung bonde: Sondre Tenden

SIDE 28: Portrettet: Nina Sofie Gjelsvik

SIDE 34: Bovaer



Leiaren har ordet

Kva ventar oss i framtida?

Kjære medlemmar av Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag

Eit kanskje litt for spennande år er forbi. Kva ventar oss i framtida?

I eit år prega av internasjonal uro og uforutsigbarheit skulle ein tru at folk samla seg rundt menneskja sine basale behov. Eg tenkjer i hovudsak på slikt som stabil straumforsyning, reint vatn og ein sikker matproduksjon innanfor eigne landegrensar. Ein kunne kanskje sjå konturane av eit slags større fokus på desse tinga i periodane med pandemi og krigsutbrot i Europa, men so lenge ting til ein viss grad går tilbake til normalen, eller at det etablerer seg ein ny normal, so blir det kanskje slik at folk gløymer. Då er det derimot trygt og godt å sjå at Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, til liks med NBS sentralt forset å kjempe for det som kunne vere ei bekymring for nokre år sidan, og som igjen no, med uroa ein på nytt ser, kanskje kan bli ein realitet. No skal eg ikkje fylle denne spalta med mørke tankar, men i det som skal vere totalberedskapsåret 2026 bør ein i alle fall tenke: Klarar vi å produsere tilstrekkeleg med mat i landet? I vårt fylke? Får vi tak i innsatsmidlane utanfrå? Kva klarar vi eventuelt å produsere utan dei? Kva klarar vi å få til ilag?

Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag har stått støtt som ein organisasjon som kjempar for gardbrukaren og bygdesamfunn. Aktive lokallag kan engasjere den einskilde til å få trua på vestlandsjordbruket, og viktigheita av å halde det i hevd. Enten ein er produsent eller konsument. Laget si styrke har vist seg i evna til å halde fast ved eigne verdiar og meiningar – også når vinden står på frå alle kantar. Vi prøvar å setje retning, vore tydelege i våre val, og viser at det finst eit bunnsolid fellesskap som står opp for landet sin matproduksjon: Norsk Bonde- og Småbrukarlag!

Mat er ikkje bare næring – det er grunnlaget for liv, trygghet og fellesskap. For enkeltmenneske betyr det sunnheit og forutsigbarheit i kvardagen. For bygdene våre er matproduksjon sjølv livsnerven; det gjev arbeidsplassar, held landskapet i hevd og knyter folk saman. For nasjonen er matproduksjon ein strategisk ressurs – det handlar om beredskap og sjølvforsyning. I året som har gått har vi minna kvarandre på kor viktig det er å ta vare på dette. Landbruk- og matministeren sa på det som heite Varhaugmøtet på Jæren i januar 26 at vi må forsikre det vi ikkje har råd å miste. Ein god måte å forsikre matproduksjonen på

er å skape vilkår for at ein kan drive desentralisert, på mindre einingar og utan for stor avhengigheit av eksterne faktorar.

NBS sitt fokus: Langsiktige løysingar for jord, mat og trygghet

Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag – og heile Norsk Bonde- og Småbrukarlag – har i 2025 hatt blikket festa på de lange linjene. Vi arbeider ikkje for raske gevinstar, men for berekraftige løysingar som sikrar jordhelse, matsikkerheita og tryggheta til komande generasjonar. Dette var kanskje ei dårleg forkledd innleiing til diskusjonen om kjemiske førtilsetningar, mest kjent som Bovaer. Eg trur so godt som heile NBS har vore tydelege på kvar organisasjonen står i denne debatten. For min eigen del følgjer eg ordvekslingane på kva som er trygt for dyra, kva som er trygt for dei som steller dyra i høve handtering og kva effektar ein har av stoffet. Eg skulle ønskje at det vart tydelegare i debatten om kva som var rett! Er det rett at dyra skal få tilført kjemiske stoff for at menneska i framtida skal få dure på som før? Eg meiner nei!

Sogn og Fjordane: Kampen for lokal matproduksjon og lønnsomheit

Året som har gått har òg innehaldd ein vidare innsats for å bevare og styrke matproduksjonen i fylket. Vi har kjempa for at lokale driftsformer skal få sin rettmessige del av lønnsamheitsøkninga i jordbruket. Vi arbeider for å sikre at «vår del»

av den norske matproduksjonen fortsatt skal foregå på vestlandet. Vel er det kronglete, kanskje ikkje so effektivt målt mot enkelte andre plassar, men heilt sikkert er det at i det lange løp er det vèl investerte midlar å halde fast på dette! Vårt mål har vore å sikre at vestlandsbøndene, både små og store, får rammevilkår som gjev reell mogelegheit for utvikling. Kampen handlar ikkje berre om kroner og øre – det handlar om å halde bygdene levande, og å gje ungdommen tru på at det er mogeleg å satse på landbruket i vår region.

Vegen vidare og optimisme for framtida.

Vi går inn i eit nytt år med mogelegheiter for endring. Det nemnde totaltberedskapsåret gjev oss på nytt anledning til å setje fokus på mange av våre kjernesaker. Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag går inn i 2026 med oppbretta ermar, ei viss stoltheit over det vi er med å definere og skape ilag med laget sentralt, og eit brennande engasjement for å forme ei trygg, berekraftig og lønnsam framtid for matproduksjonen i fylket vårt. Ilag med dokke – medlemmar, bønder og lokal-samfunn – vil vi fortsette å kjempe for levande bygder, trygg mat og en matproduksjon som gjev mogelegheiter for alle.

Bjørn Inge Flo

Fylkesleiar Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag



Styret og tillitsvalde

FYLKESSTYRET 2025:

LEIAR: Bjørn Inge Flo

Fløvegen 912, 6783 Stryn

Mobil: 415 10 801

E-post: bjorn.inge.flo@enivest.net

NESTLEIAR: Nina Sofie Gjelsvik

Åmotsvegen 177, 6977 Bygstad

Mobil: 971 94 958

E-post: ninagjel@online.no

STYREMEDLEM: Håkon Langeland

Guddalsvegen 1729, 6966 Guddal

Mobil: 988 14 412

E-post: haakon_86@hotmail.com

STYREMEDLEM: Silje Åsnes Skarstein

Brynestadvegen 26, 6788 Olden

Mobil: 971 12 356

E-post: skarsteinsilje@gmail.com

STYREMEDLEM: Ragnhild Kjøsnes

Kjøsnes 123, 6843 Skei i Jølster

Mobil: 905 44 255

E-post: kjosnes123@gmail.com

1. VARA: Per-Magnar Sognnes

E-post: per-magnar.sognnes@enivest.net

Mobil: 901 05 518

2. VARA: Øyvind Henden

E-post: Oyvind_henden@hotmail.com

Mobil: 917 81 794

3. VARA: Marta Karoline Jansen

Mobil: 975 02 524

E-post: marta.kjansen@gmail.com

LOKALLAG:

AURLAND BS:

Håvard Vidme

Vidmevegen 3, 5743 Flåm

Vidme_@hotmail.com / 921 32 530

BREMANGER, FLORA OG VIK BS:Kontakt fylkeslaget ved fylkessekretær
sognogfjordane@smabrukarlaget.no**EID, SELJE OG VÅGSØY BS:**

Kontaktperson: Geir Midnes,

Lotevegen 737, 6778 Lote

gemid@live.no / 905 22 188

GLOPPEN BS:

Ester Løvland,

Kandalsvegen 1071, 6823 Sandane

ester@gloppen.net / 454 72 380

HYLLESTAD OG FJALER BS:

Brit Inger Skaar,

Skorsvegen 563, 6953 Leirvik i Sogn

bi-skaar@online.no / 941 94 307

HØYANGER BS:

Jarle Martin Håland,

Ikjefjord 261, 5962 Bjordal

jarle.haland@enivest.net / 466 65 815

LUSTER BS:

Olav Harald Alme,

Lomheim 4, 6869 Hafslo

olavharald.alme@gmail.com / 915 32 775

SOGDAL OG LEIKANGER BS:

Kontakt fylkeslaget ved fylkessekretær

sognogfjordane@smabrukarlaget.no /

481 67 076

STRYN BS:

Rasmus Johansen Dragesæt,

Dragesetvegen 324, 6793 Innvik

Rasmus_drageset@hotmail.com

911 10 631

SUNNFJORD BS:

Ragnhild Kjøsnes,

Kjøsnes 123, 6843 Skei i Jølster

kjosnes123@gmail.com / 905 44 255

VALNEMND 2025:

Marit Milde, Sunnfjord BS

Geir Midnes, Eid, Selje og Vågsøy BS

Håvard Vidme, Aurland BS



Møt Ørjan

– bransjeansvarleg for landbruk

Ørjan Skåden er sjølv fruktbonde og kjenner bondelivet frå innsida. Som bransjeansvarleg for landbruk i SpareBank 1 Sogn og Fjordane jobbar han tett med bønder i heile fylket – frå små gardsbruk til store fellesfjøs.

Ørjan hjelper kundane med alt frå finansiering av nytt utstyr til generasjonsskifte og vidare utvikling av garden. Han kan landbruk, kjenner regionen og veit kva som skal til for å skape trygg drift over tid.

Hos oss møter du rådgjevarar med lokal spisskompetanse.

Alltid her med gode råd.

ssf.no



Bjørn Inge Flo

Buset: Flo, Stryn
Stryn BS

Produksjon: Ammekyr
og sau

Oppvekst: Flo i Stryn

Utdanning: Grunnskule

Verv: Leiar Sogn og
Fjordane Bonde- og
Småbrukarlag frå mars
2025

Arbeid: Driv òg eit
tømrarforetak, i tillegg til
gardsdrifta.

Kvifor NBS? Eg synest
politikken til NBS treff,
både lokalt og nasjonalt.
Det er lett å kjenne seg
att i problemstillingane
som laget løftar fram.
I tillegg er det ein kort
veg frå medlem til leiing,
om det er saker en vil ha
tatt opp. Kort veg syner
seg og att i at ein ikkje er
redde for å ta kampane
når dei er der, framfor å
gå inn i lange politiske
prosessar med horison-
tar som ikkje hjelper av-
skalninga i norsk jordbruk.



Nina Sofie Gjelsvik

Buset: Åse, Bygstad
Sunnfjord BS

Produksjon: Ammekyr,
geit, sau og juletre. Driv
økologisk.

Oppvekst: Åse, Bygstad.

Utdanning: Agronom-
utdanning, saum og
kunstfag, samt norsk,
samfunnsfag og
religionsfag frå
Høgskulen i Volda.

Verv: Nestleiar Sogn
og Fjordane Bonde- og
Småbrukarlag.

Arbeid: Driv garden, med
dagleg drift og litt turis-
me, juletregård og butikk,
samt eige elektrofirma
saman med sambuar.

Kvifor NBS? Eg ønskjer eit
landbruk over heile lan-
det, der det er sjølvsgatt
at alle skal med. Eg vil
ha levande bygder med
ringverknaden av dei
små bruka og busetnad
som held barnehagen,
skulen, butikken og
hjørnesteinsbedrifter
levande. Eg ville stå i
eit faglag som ikkje er
redd for motvind, og
med takhøgde for at alle
stemmer skal høyrast.



Håkon Langeland

Buset: Guddal
Hyllestad og Fjaler BS

Produksjon: Melke-
produksjon

Oppvekst: Fødd og
oppvokst på garden eg
drive.

Utdanning: Agro-
teknikar (Fagskule)

Verv: Styremedlem
Sogn og Fjordane Bon-
de- og Småbrukarlag.

Arbeid: Melkebonde

Kvifor NBS? Fordi NBS
jobbar FOR bonden og
ikkje imot bonden.



Silje Åsnes Skarstein

Busett: Olden, Stryn
Stryn BS

Produksjon: Melk og kjøtt

Oppvekst: Straumsnes
i Fjaler

Utdanning: Bachelor i
sjukepleie

Verv: Styremedlem i
Sogn og Fjordane BS, 4.
vara Landsstyret NBS,
styremedlem Stryn BS,
gruppeleiarar i Stryn Sp,
sit i kommunestyre og
formannskap, 2. nestleiar
Sogn og Fjordane SP.

Arbeid: 100 % på gården
og prøver å få til turisme
på nabogården som-
marhalvåret.

Kvifor NBS? Etter å ha
prøvd BL og funne ut at
retrningen dei vil ha oss
i med færre og større
bønder samt lite forstå-
else for den økonomiske
situasjonen vår, så var
det ikkje tvil om at NBS
var eit meir riktig faglag
for meg å vere medlem
i. Det at det er kort veg
opp til toppen og at det
ikkje er toppstyrt var også
avgjerande for meg.



Ragnhild Kjøsnes

Busett: Kjøsnes i Jølster
Sunnfjord BS

Produksjon: Mjølkeproduksjon,
vestlandsk fjordfe på støyf.

Oppvekst: Kjøsnes i Jølster

Utdanning: Agronom. Ymse
universitetsfag. PPU.

Verv: Styremedlem Sogn og
Fjordane Bonde- og Småbru-
karlag, leiar Sunnfjord BS

Arbeid: Gardbrukar

Kvifor NBS? Fordi det er ein
organisasjon som arbeider for
gode kår for småbrukarar i No-
reg og for eit matsystem som
skal fungere for alle andre folk
og dyr i verda.



Fylkessekretær

Karen Hornnes

Busett: Hornnes i Førde
Sunnfjord BS

Måtte gje opp bon-
deyrket då garden vart
tatt til tomtefelt.

Aktiv pensjonist.

Verv: Styreverv i Førde
UI og Førde historielag,
leiar for skriftstyret i
historielaget. Medlem
av seniorgruppa i Indre
Sunnfjord Turlag og
fører ein del rekneskap.

Arbeid: Tilsett i 25
prosent stilling som
fylkessekretær sidan
2023.

Utdanning: Agronom
og div. fag innan
økonomi BI.

Kvifor NBS? Då vi over-
tok garden i 1985 var
det naturleg å melde
seg inn i eit faglag, og
valet falt lett på NBS.
NBS har vore ein god
skule dei åra eg har
vore med i laget.

Årsmelding 2025

Fylkesstyret sitt arbeid

Leiar Bjørn Inge Flo er fast medlem i representantskapet og fylkesleiar møte i NBS. Kontaktperson til kvinneutval er Nina Sofie Gjelsvik. Ingolf Folven er medlem av kontaktutvalet for rovvilt.

Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag hadde ved årsslutt 12 lokallag med totalt 402 medlemmar. Ved årsslutt 2025 hadde vi 387 medlemmar, so det er jamt litt auke i medlemstalet.

Årsmøte 2025 vart halde på Comfort Victoria Hotel Florø 15.-16. mars 2025, fellesmøte med Hordaland Bonde- og Småbrukarlag. Sogn og Fjordane BS som teknisk arrangør.

Fylkesleiar i Sogn og Fjordane BS Nina Sofie Gjelsvik og ordførar i Kinn kommune Bengt Solheim Olsen (H), ynskje velkomen til Florø og felles årsmøtesamling.

Tema for fellesmøtet på laurdagen var «Positivitet i landbruket».



Fylkesleiar Nina Sofie Gjelsvik Ynskjer velkomen til Årsmøte 2025 for Sogn og Fj. BS og Hordaland BS



Petter Simonsen «Drømmegården» innleiar årsmøte.
Foto: Øyvind Ganesh Eknes

Innleiarar var:
Drømmegården, Petter Simonsen.

Utfordringar og positivitet:
Anita Roset, Innvik
Fruktlager.



Kolbjørn Taklo og Petter Simonsen



Margrethe Figved, org.nestleiar NBS – innleiar på Årsmøte 2025 – Foto NBS



Helse og velferd – Kolbjørn Taklo, bonde og fagleiar.

Strategiplan NBS og levande lokallag og rekruttering
Margrethe Figved – org. nestleiar NBS



Gruppearbeid

Avslutta med gruppearbeid om Strategiplan NBS og levande lokallag
Middag og sosialt samvær på hotellet.

Sundagen starta med: Gjensidigeavtalen.
Åse-Marie Reisæter gjekk gjennom avtalen. Deretter uttalar. Dei to laga vart samde om fire uttalar frå årsmøtet.

- Skal fruktneringa vere ei stengd næring?
- Oppstilling av storfe i eit beredskapsperspektiv
- Vi må vere budde på framtida
- Vestlandsjordbruket treng teigbasert tilskot no

Til slutt heldt dei to laga sine respektive årsmøte kvar for seg.

Årsmøtet i SFBS hadde mange gode og nyttige innspel til ein arbeidsplan med gode planar og arbeidsoppgåver for året 2025. Mykje av planen er gjennomført.

Styret har fungert godt gjennom året. Varafolket har fått høve til å delta på alle styremøta.

Det har gjennom året vore kontakt mellom fylkesstyret og lokallaga. Lokallaga har tilbud om å delta i Lokallagsforum i regi av NBS jamleg gjennom året. Men ein må vel kunne innrømme at deltakinga frå Sogn og Fjordane ikkje er stor.

Ein har arbeidd godt mot og har hatt møte med Statsforvaltar, fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Mykje av kontakten og arbeidet er innan Partnerskapet, som er

STYRET 2025

valde på Årsmøte
16. mars 2025

Bjørn Inge Flo

– leiar–

Nina Sofie Gjelsvik

– nestleiar–

Håkon Langeland

– styremedlem–

Ragnhild Kjosnes

– styremedlem–

Silje Åsnes Skarstein

– styremedlem–

Per-Magnar Sognnes

–1. vara–

Øyvind Henden

–2. vara–

Marta Karoline Jansen

–3. vara–

samansett av Statsforvaltaren, Vestland Bondelag, Hordaland BS og Sogn og Fjordane BS. Her har Hordaland BS vore i arbeidsutvalet i 2025, og denne rolla tilfell SFBS i 2026. Laget deltar i beitegruppa, ilag med statsforvaltar, og bondelaget, og styringsgruppa for nytt utdanningsløp på Mo. Er også med i jury for årets sunnfjordbonde.

Vi er også med på innleiinga for det interregionale rovdysamarbeidet. Og informasjonsmøte med politiske utval m.fl. i



Bygdenæringsdagane i Stardalen. Nina Sofie og Ragnhild

samband med freda rovvilt i Nordfjord. SFBS har ein representant i styringsgruppa for masterplanen for reiseliv. SFBS har eit godt samarbeid med Hordaland BS.

Styret har hatt 11 styremøte der 4 av møta har vore fysisk. Dei andre møta har vore digitale. 64 saker har vore handsama. SFBS har etter kvart vorte meir etterspurde i media. Medlemmar av styret har vore refererte i Firda, og har hatt innlegg i Nationen. Laget og styret er aktive på SoMe.

SFBS har i 2025 ikkje hatt store medlemsarrangement. Men laget har vor medarrangør på samlinga «Bonden og elva» i Guddal. Der vi etter samlinga var på gardsbesøk hos Håkon Langeland. Vi var òg med og arrangerte «Bonden og vatnet» på Sandane. Dette samarbeidet fortset i 2026.

Jordbruksforhandlingane 2025 vart gjennomført med forhandlingar som vanleg og vart avslutta med avtale mellom Staten og NB. Staten sitt tilbud vart lagt fram for partane måndag 7. mai. Tilbodet hadde ei råde på 3,3 mrd. kroner. 16. mai presenterte Staten og NB ei

avtale. Avtala hadde ei råde på 4,147 mrd. kroner.

Nina Sofie Gjelsvik og Ragnhild Kjøsnes var med på slåttedag på Sunnfjord Museum 3. juli. Dei var med på å både formidle og lære meir sjølv om slått før og no. Nina Sofie lærte vekk å lage høydokker og Ragnhild fronta surmjølksblande som den beste energidrikken for arbeid i sommarvarme. Laget deltok også med stand på Bygdenæringsdagane i Stardalen. Vi fekk der god avsetning på vaflane og god prat med folk.

Vi har også oppretta god kontakt med skulane på Mo og i Aurland. Det vart oppretta god kontakt med kandidatane frå fylket til Stortingsvalet. Mellom anna var vi medarrangør på politisk debatt

på Nordfjordeid med tema jordbruk, der dei fleste førstekandidatane til stortinget var representert. Øyvind og Bjørn Inge var der. SFBS har gjeve innspel til høyingar om JF 25 og ny strategiplan NBS. Vi har også gitt høyringsinnspel i aktuelle saker til Statsforvaltar og andre. Laget har også gjeve innspel til Vestland fylkeskommune til JF 26.

Ei viktig sak som fortsatt opptek styret er 2024- og 2034-krava. Dette er ei sak som er utruleg viktig for vestlandsbonden. For mange bønder kan dette kravet vere «kroken på døra». Laget har også engasjert seg i arbeid mot metanhemmarar i føret til storfe.

SFBS har starta arbeidet med oppattstarting av



Stand på Bygdenæringsdagane i Stardalen

sovande lag. Ragnhild Kjøsnæs og Karen Hornnes hadde møte i Luster i desember. Planlegg liknande møte i Sogndal innan utgangen av februar.

Landsmøtet 2025 vart i år halde på Gardermoen. Eit stort og godt gjennomført landsmøte. Sogn og Fjordane hadde 10 utsendingar inkludert ein ungdomskandidat. Fleire av delegatane var også på talarstolen. I tillegg var fylkessekretær Karen



Skogen vår, som staten stjel forteneasta av.
Foto: Silje Åsnes Skarstein

Hornnes, fylkesleiar Bjørn-Inge Flo og to observatørar der. Eit ryddig og svært godt gjennomført landsmøte. Styret har hatt eit innhalds-

rikt år med mange gode og viktige oppgaver til styrke for jordbruket i Sogn og Fjordane.

TIL LANDBRUKET LEVERER VI

- Brannvarslingsanlegg
- Elektriske installasjonar
- Internkontroll på el- og brannvarslingsanlegg
- Termografering

Ta kontakt på
478 36 160 eller
post@sunnfjordelektro.no



Sunnfjord
Elektro AS
EL-PROFFEN



Power Technology.

AASE LANDBRUK AS

Aase Landbruk er importør og leverandør av en rekke kjente merkevarer. Vi har fokus på kvalitet og effektivisering for bonden - i tillegg til fornuftige priser og god service.

Med fire avdelinger i spredt nasjonalt - kan vi levere utstyr til deg uansett hvor i landet du befinner deg.

Ta kontakt for veiledning og tilbud!



<https://www.aaselandbruk.no/>



46815128



[aase.landbruk.as](https://www.aaselandbruk.no/)



Resultat	31.12.2025 0	31.12.2024 note	budsjett 2026
Driftsinntekter			
Salsinntekter tenester	0	1500	2000
Kontingent	170595	192811	190000
Meining, mat og mot	22511	78500	1
Fellesarrangement	23875		
Årsmøte SFBS	75293	10990	3 10000
Salsinntekt årsmelding	30400	39000	36000
Støtte frå Gjensidige	28837	60335	30000
Andre inntekter	5600	30912	10000
Sum driftsinntekter	357111	414048	278000
Drifteskostnader			
Løn til ansatt	80000	80000	80000
Lønstilskot fylkessekretær	-38000	-38000	-38000
Godtgjering til styre og tillitsvalde	10000	10000	10000
Gjensidige forsikring	2113		2200
Frikjøp tillitsvalde / verving			0
Sum lønningar og godtgjersle	54113	52000	54200
Arbeidsgjevaravgift	0	0	0
Sum arbeidsgjevaravgift	0	0	0
Gåve til tilsette, ikkje frådragsberetta	0	0	3000
Andre personalkostnader	0	0	3000
Leige lokalar	29832,9	26336	30000
Profilering	13360	3179	10000
Arrangement	2093,1	97312	30000
Meining, mat og mot	15000	113313,88	1
Fellesarrangement	23875		3000
Spleis NBS/fylka	0	2500	30000
Kontorrekvisita	923,21	4783	2500
Datakostnad	13158,75	2017,5	4000
Landsmøte	13623,4	13280	15000
Aviser, tidsskrift, bøker, trykksak o.l.	24757,5	20325	25000
Møte, kurs, oppdatering o.l.	6860,5	5342,89	15000
Årsmøte SFBS	139200,51	42227	2 45000
Eksterne årsmøte	3590		3500
Porto	588		550
Reisekostnad	0	2450	8500
Kontingentar/gåver	2406,3	1740	2500
Bankgebyr	225,5	240,25	250
Annan kostnad	952	6175,6	1000
Sum andre kostnader	290446,67	341222,12	225800
Sum driftskostnader	344559,67	393222,12	283000
Driftsresultat	12551,33	20825,88	-5000
Renteinntekt	5183	277	5000
Anna finansinntekt			
Finansinntekter	5183	277	5000
Rentekostnad			
Finanskostnader			
Resultat	17734,33	21102,88	0

Note 1: Sluttoppgjer Meining, mat og mot

Note 2: Kr 90 400 gjeld årsmøte 2026

Note 3: Kr 58 600 gjeld årsmøte 2026

Balanse		
Eigedelar	12/31/25	12/31/24
Kundefordringer	58 600	1 500
Mellomkonto	-	24 667
Brukskonto	36 455	231 233
Plasseringskonto	180 080	0
Sum eigedelar	275 135	257 400
Gjeld og egenkapital		
Annan egenkapital	- 257 400	- 236 297
Forsøtsstrekk	-	-
Udekket tap	-	-
Sum gjeld og egenkapital	- 257 400	- 236 297
Udisponert resultat	17 734	21 103
Sum egenkapital og gjeld	275 135	257 400

Bilagskontroll i Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag og Fjordane

Rekneskapen i Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag 2025 er kontrollert mot framlagde bilag og kontoutskrifter, og funne i orden utan merknadar.

Førde, 27.1.2026

Ståle Haugen

Ståle Haugen

Bilagskontrollør



OVER 650 LOKALMATPRODUSENTER SOM LEVERER 6000 PRODUKTER

TAKK, KJÆRE BØNDER!

Takket være deres harde og verdifulle innsats, har vi i SPAR kunnet tilby kundene våre førsteklasses norske råvarer og lokale spesialiteter – alt sammen produsert av fantastiske norske bønder.

Tusen takk til hver og en av dere!
Hilsen oss i SPAR

Estimert omsetning for SPAR og EUROSPAR 2022



295 SPAR og
EUROSPAR-butikker



3 600 tonn
egg



21,5 millioner
liter melk



3 100 tonn
kylling og kalkun
(fersk, fryst og varmeskap)



10 800 tonn
poteter og grønnsaker



9 500 tonn kjøtt
(inkl. påser og kjøttpølegg)

EUROSPAR  **SPAR** 

Landsmøte 2025 på Gardermoen

Karen Hornnes

Sogn og Fjordane stilte med utsendingar frå fleire lokallag i tillegg til fylkessekretær og delar av styret på det 96. landsmøtet til Norsk Bonde- og Småbrukarlag på Clarion Congress Hotel på Gardermoen helga 14.-16. november 2025.

Årsmøtet på laurdag vart opna med eigen song av Mari Austvoll Gjengedal, Hordaland BS. Deretter heldt Trond Nordland opningstale. Anders Klemoen hadde gjennomgang av «godt landsmøte». Deretter var det Leiar's tale av Tor Jacob Solberg. Han var innom mange viktige moment og saker; slik som at Klimaavtala må refor-handlast! Og om å ta dei vanskeleg debattane, ærleg landbrukspolitikk.

Han såg tilbake på jordbrukstingingane – der ein kravde etter behov. Korleis nå mål om 50 % sjølvforsyning? Talgrunnlaget – eit golv eller eit tak? Landbruket treng ny systemendring – endring av matsystemet. Kampen om ærlege tal er ikkje over. NBS inviterer til gode samtaler. Metanhemmarar – feil medisin på eit viktig



Opning ved Mari Gjengedal – Foto: Tor Mølster Byggland

spørsmål. NBS skal vise veg inn i ei viktig tid – utvikling inn i ei god framtid vi alle vil ha.

Deretter var det Landbruksminister Nils Kristen Sandtrøen sin tur. Vi et kvar dag! Må få med ungdommen ilag med erfarne vaksne og skape tru for dei unge innan landbruket. Han snakka om stordriftsfordelar kontra stordriftsulemper. Sandtrøen avslutta helsinga med eit dikt.

Det var stor aktivitet under generaldebatten. Kort taletid gjorde at flest mogeleg fekk ordet. To av utsendingane våre var på talarstolen.

Dagen vart avslutta med god middag og underhaldning. Aina Bartmann vart under landsmøtemiddagen utnemnd som æresmedlem i NBS.

Sundag

Opning sundag av Ungdomsutsendingen vår, Frida Haltli, som spela tre



Frida Haltli.

Foto: Tor Mølster Byggland.



Utsendingar og observatørar frå SFBS på Landsmøtet.

Frå v. Frida Haltli, Ragnhild Kjøsnes, Margaret Skåre, Nina Sofie Gjelsvik, Karen Hornnes, Håkon Langeland. Bak frå v: Marie Neset, Håvard Vidme, Jarle Martin Håland, Rasmus Dragesæt, Øyvind Henden, Bjørn Inge Flo. Ingolf Folven og Ole Langli-Hansen er ikkje med på biletet. Foto: Tor Mølster Byggland.

slåttar på fele.

Det var stor aktivitet under debatten på sundagen òg. Sogn og Fjordane hadde talarar på talarstolen også denne dagen. Det var mange saker som skulle opp til avstemming.

Uttalar. Det var vedtatt at det skulle lagast tre uttalar frå Landsmøtet. Men då redaksjonskomiteen la fram fire gode uttalar vart det gjort nytt vedtak om at alle desse fire uttalanane skulle sendast frå LM.

- Skrot samordninga
- Nei til syntetiske metanhemmarar
- Reforhandle klimaavtalen
- Sjølvforsyning – vi tar jobben når vi veit kva den er.

Då det var tid for val vart dørene stengde. Her blei Tor Jacob Solberg attvald med

stående applaus. Med seg i styret får han:

1. Marianne Lunåsno - politisk nestleiar
2. Margrethe Figved - organisatorisk nestleiar.

Styremedlemmar:

Ellen Marie Sørungård Syse, Tone Våg, Ola Kvendset og

Sven Martin Håland

Vara:

Thomas Harris, Aadne Ådneram, Trude Hoff, Silje Skarstein og Nina Sofie Gjelsvik.

Landsmøtet vart avslutta

med helsing frå attvald leiar Tor Jacob Solberg.



Tor Jacob Solberg – Foto: Tor Mølster Byggland

Frida om å vere ungdomsutsending frå SFBS:

Jeg heter Frida Helene Haltli, er 18 år og går siste året på videregående på landslinja for økologisk landbruk på Sogn Jord- og Hagebrukskule.

Helt fra jeg var veldig liten har jeg alltid hatt en drøm om å bli bonde og jeg synes ingenting gir mer mening i den verdenen vi lever i i dag enn å produsere mat. Jeg ble med i NBS i 2024 i forbindelse med den store demonstrasjonen i april. Etter det har jeg fått flere nye kontakter og møtt utrolig flinke folk jeg kan se opp til i landbruket. Det var veldig lærerikt å få være med på landsmøtet i høst som ungdomsutsending og jeg følte virkelig at jeg fikk et nytt innblikk i hvordan organisasjonen drives.

Det som slo meg mest var følelsen av at alle som ville si noe ble hørt og lyttet til. Selv om jeg ikke kjente noen andre som skulle på møtet ble jeg tatt veldig godt i mot synes absolutt at landsmøtet var et av høydepunktene den høsten.



Utsendingane frå Sogn og Fj. BS Foto: Tor Mølster Byggland



Tor Jacob Solberg, Aina Bartmann og Marianne Lunåsmo



Pauseprat, Rasmus Dragesøet, Bjørn Inge Flo, Ragnhild Kjøsenes og Nina Sofie Gjelsvik.



Landsmøtesalen. Foto: Tor Mølster Byggland

TopLac® Sau Fiber løser utfordringa!

Supert til lamminga!

Det høge fiberinnhaldet kvesser appetitten på både kraftfôr og surfôr. Sauene held seg friskare, mjølkeproduksjonen er god og lammetilveksten likeins.

TopLac Sau Fiber er spesielt effektivt om surfôret har høg kvalitet, eller tilgangen er avgrensa.

Ventar du fleire trilling - og firlingsøyer så tilrår vi den prisgunstige TopLac® Sau Fiber i lamminga.



Sikrar høg mjølkeproduksjon trass fibermangel



Skånsam for vomma trass høge kraftfôrrasjonar



Resepten er basert på 75% TopLac® Sau og 25% Roetopp



Svært god smaklegheit

TopLac® Sau Fiber - den perfekte løysinga ved store lammekull og ekstra godt surfôr.

Produksjonsstart: 15. februar

GODT GJORT ER BETRE ENN GODT SAGT

FISKÅ MØLLE ROGALAND Tlf. 51 74 33 00

FISKÅ MØLLE ETNE

Tlf. 53 77 13 77

Fiskå Mølle
www.fiska.no

Sentralstyret i Norsk Bonde- og Småbrukarlag



TOR JACOB SOLBERG

Leiar

Mobil: 911 65 119

MARIANNE LUNÅSMO

Politiisk nestleiar

Mobil: 958 49 230

MARGRETHE FIGVED

Organisatorisk nestleiar

Mobil: 932 44 599

OLA KVENDSET

Styremedlem

Mobil: 986 32 492

TONE VÅG

Styremedlem

Mobil: 995 82 658

ELLEN MARIE

SØRUMGÅRD SYSE

Styremedlem

Mobil: 958 60 294

SVEN MARTIN HÅLAND

Styremedlem

Mobil: 909 72 569

ÅSHILD CHARLOTTE MONSØ

Ordførar

Mobil: 481 43 362

PER-ANTON NESJAN

Varaordførar

Mobil: 907 38 869

VARAMEDLEMMAR TIL STYRET:

1. Thomas Harris
Mobil: 473 52 311
2. Aadne Ådneram
Mobil: 418 44 000
3. Trude Hoff
Mobil: 415 21 900
4. Silje Skarstein
Mobil: 971 12 356
5. Nina Sofie Gjelsvik
Mobil: 971 94 958



Rekneskap Fjordane AS

ARS – Autorisert Rekneskapsførarselskap

- Rekneskapsføring
- Løn
- Eigne fagpersonar knytt til primærnæringa
- Eigarskifte
- Skybasert deling av arbeid mellom kunde/rekneskapskontor

KONTAKT OSS:

Sande 57 71 86 60

eller Førde 57 72 41 30

Sammen tar vi vare på jorda, dyra og framtida

Felleskjøpet tilbyr deg de beste produktene og helhetlig rådgivning i alle deler av bondens drift. Fra maskin og redskap, driftsbygninger og fjøs, til fôr, plantevern, såvare, gjødsel og øvrige landbruksrekvisita.

Vi er tilgjengelige hele året, og er eneste totalleverandøren med skreddersydde produkter og tjenester til landbruket.



Felleskjøpet

Tlf: 72 50 50 50 · felleskjopet.no

Ung bonde: Sondre Tenden

FORTEL OM DEG SJØLV; BAKGRUNN, OPPVEKST, INTERESSER ...

Eg er oppvaksen på garden som eg i 2022 tok over etter min far, Tenden som ligg i Stryn. Ingen odell på garden, men som eldst av ein søskenflokk på 3 var det mest naturleg at eg tok over. Her på garden bur eg saman med sambuaren min Kamilla Rake og mine to barn, Ava og Storm.

Då vi tok over garden i 2021 var det kun saueproduksjon, noko vi trivdes med, men vi er glade i utfordringar og kvifor ikkje starte smått med ammeku? I 2024 kjøpte vi derfor fire kviger og tre vaksne kyr med kalv som i dag er blitt ein flokk på 14 dyr. Driftsbygningen vi tok over var eit eldre og mindre vedlikeholdt bygg som vi var nødt til å erstatte med nytt for å fortsette med dyrehold. I 2025 sto ny driftsbygning klar, sauedel med plass til 150 vf sau og ein



SONDRE TENDEN

33 år, tobarnsfar, bonde og entreprenør.

Busett: Stryn

Sivilstand:

sambuar med Kamilla

Utdanning:

maskinfører

Yrke:

hogsentreprenør

Drift:

sau og ammeku

ammekudel med plass til 15 mordyr ammeku.

Vi er to som driv Nordfjord Trefelljarlag AS, der vi utfører tømmerhogst i små og store prosjekter. Ved sidan av trefelling og gardsdrift har eg mange års erfaring som maskinentreprenør både for meg sjølv og for bedrifter – så

litt maskinkøyring kjem eg meg ikkje heilt ifrå.

DU HAR VORE MEDLEM I NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG I OM LAG EITT ÅR. KVA VAR GRUNNEN TIL AT DU VALDE NBS?

Grunnen til at eg blei medlem er mykje fordi det er supert å halde seg oppdatert og følgje med på kva som rører seg rundt i faget.

KOR KJEM ENGASJEMENTET DITT FRÅ?

Eg er vaksen opp på garden og det har alltid vore tanken at det var eg som skulle ta over og når tida var rett var det slik det blei. Sidan ungdomstida og tidlig voksenliv har eg hatt ein liten plan på kva eg måtte gjere for å utvikle garden og gjere kvardagen som bonde lettare. Sidan eg hadde jobba meg opp mange år med erfaring som maskinfører gjorde det jobben litt enklare når eg tok over.

DU HAR DRIVE GARD I FIRE ÅR. KORLEIS HAR DETTE VORE VORE?

Har dreve garden



Driftsbygning slik han er no



Garden Tenden

sidan 2022, det har vore krevande med oppussing av hus og ny driftsbygning. Gammal driftsbygning var frå seint 1800 talet, og var pålag falleferdig. Desse åra har vore ei god blanding av mestringsfølelse og utmattelse der læringskurven som bonde har vore bratt, ny driftsbygning står klar og vi no nærmar oss målstreken på totalreiveringa av huset vi bur i.

KVA PLANAR HAR DU FOR GARDEN? (BSKRIV GJERNE GARDEN)

No er planen å bygge opp ei god og sterk besetning, samt bygge og utvide litt langs med. No held vi på med

mykje beiterydding for å utnytte gardsressursane våre betre og for å utnytte mindre vår-/haustbeiting på dyrka mark.

KORLEIS SER EIN VANLEG KVAR DAG UT FOR DEG?

Ein vanleg kvardag for meg starter tidleg der eg går i fjøsen og luftar hundar før det ofte går vidare til levering i barnehagen før arbeidsdagen i Nordfjord Trefelljarlag startar – Heimover til middag og kvalitetstid med familien før fjøsstell på kveldstid.

KORLEIS SER DU PÅ NORSK JORDBRUK I DAG, OG KOR BØR VEGEN GÅ/ GÅR VEGEN VIDARE?

Eg meiner at økonomien

er eit av hovudproblema, ikkje effektiviteten. Det er ikkje bonden sin innsatsvilje eller kompetanse som mangler. Problemet er blant anna at inntektene heng systematisk etter andre yrker og investeringsramma auker raskare enn inntjeningsevna. Systemet er dessverre slik at man sliter ut bøndene og ikkje jorda. Så alt i alt så bør vegen vidare vere inntekt først – alt anna sekundært.

KVA MÅ EIN HA FOKUS PÅ FOR Å MINSKE AVSKALINGA AV FLEIRE BRUK?

Strukturutviklinga spring føre politikken. Det blir snakka så varmt om

«landbruk i heile landet» og «små og mellomstore bruk» men i praksis blir dei større einheitene, dei med størst gjeld og dei med meir volum belønna – noko som skaper eit val mange bønder kjenner på; enten vokse og satse stort – eller leggje stille ned.

BESKRIV DEG SJØLV MED TRE ORD:

Uthaldande
Faglig nysgjerrig
Humor

KORLEIS VI VENENE DINE BESKRIVE DEG?

Pålitelig
Eventyrlysten
Direkte

OM DU IKKJE VART BONDE, KVA VILLE DU HA GJORT?

Då hadde eg fortsett som maskinentreprenør og brukt meir tid på hobbyar.

HOBBYAR? HAR DU TID TIL DET?

Ein av dei største hobbyane er gardsdrift, og då som både dyrehald, maskiner og utstyr og ikkje minst brøyting på vinterstid. Det er sjølv sagt mindre tid til hobbyar no enn før



Glimt frå garden Tenden

og ein del hobbyar må ein nedprioritere sidan man no bruker fritid på barna sin hobby. Vi liker å bruke mykje tid på ski, og då klarer eg å snike inn nokon turer på randonee innimellom barnetrekket. På sommarstid prøver eg å få nokre turar på stisykling og det er aldri feil med en fjelltur her heime i den vakre naturen vi har rundt oss.

KORLEIS SLAPPAR DU AV?

Stort sett er det alltid

noko å gjere på ein gard, nokon tider meir hektisk enn andre og det er heilt nødvendig å klare å roe litt ned og slappe av mellom slaga – Det er aldri feil å komme til fredag, familien er samla og tacoen er komen på bordet. Ellers ein rolig kveld heime med fruen og ein god serie er god avslapping.

NOKO DU UNNGÅR, OG KVIFOR?

Om ikkje telefonnummeret er lagra frå før blir

det eit søk på 1881 før eg vurdere å ringe tilbake, neidå-joda.

KLIMA/MILJØ – KORLEIS ENGASJERER DET DEG?

Må vere såpass ærleg å seie at eg ikkje er den som engasjerer meg mest på denne posten.

KVA BIL KØYER DU?

HIACE, Mercedes og fruen køyrer Tesla.

MUSIKK, MAT, LESESTOFF ...

Rock, taco og finn.no

Alle foto: Sondre Tenden



Ny driftsbygning under bygging

**Ordet
«medlemskap»
ligner på
«fellesskap»,
og det er ikke
uten grunn.**

Nortura er eid av medlemmene i fellesskap.
Og jo større vi er, desto sterkere står du.
Nortura er bondens selskap.

 **Nortura**
bondens selskap

Portrettet

Nina Sofie Gjelsvik, Åse, Bygstad



Nina i sitt rette element

FORTEL LITT OM DEG SJØLV (OPPVEKST, FAMILIE, DRIFT, ARBEID, BUSTAD)

Eg driv Korshåjen gard i Bygstad i Sunnfjord, ein liten, mangfaldig gard med ammekyr, sau, geit, høner og juletreproduksjon. Garden blir driven i kombinasjon med famieliv, gardsbutikk og ulike former for tilleggsnæring.

Drifta er bygd på småskala, bruk av eigne ressursar og minst mogleg innsatsmiddel utanfrå. Dyra nyttar både innmark og utmark, og beiting blir brukt aktivt til landskapspleie og vedlikehald – mellom anna i jule-trefelta. Eg er oppteken

av jordhelse, biologisk mangfald og å ta vare på både kulturmark og kunnskap.

Etter at fjøsen brann ned, er eg no i gang med gjenoppbygging samstundes som ordinær drift går vidare. Det har gitt eit endå tydelegare blick på kva som er naudsynt, kva som er berekraftig over tid, og kor sårbar – men også sterk – ein liten gard kan vere.

For meg handlar landbruk ikkje berre om produksjonstal, men om omsorg: for dyr, jord, menneske og bygda rundt. Garden er ein heim, ein arbeidsplass og ein del av eit større fellesskap, og målet er å bygge ei drift som er berekraftig både økonomisk, økologisk og menneskeleg.

DU HAR LANG FARTSTID I NBS – KOR LENGE HAR DU VORE MEDLEM, OG KVIFOR?

Eg har vore medlem i Norsk Bonde- og Små-

brukarlag i fleire år, fordi organisasjonen tek på alvor det mangfaldige landbruket – både når det gjeld driftsformer, geografi og menneske.

For meg har NBS vore ein plass der små og mellomstore bruk blir rekna som ein del av løysinga, ikkje eit problem som skal ryddast vekk. Eg melde meg inn fordi eg ønskte ei stemme for dei som driv i brattlendt terreng, med kombinasjonsdrift, utmark, og høg grad av eigeninnsats – og fordi matproduksjon handlar om meir enn volum.

DU HAR TO ÅR BAK DEG SOM NESTLEIAR I SOGN OG FJORDANE BS – KVA SIT DU ATT MED AV TANKAR?

Eg sit att med stor respekt for arbeidet som blir lagt ned av tillitsvalde og bønder over heile fylket, ofte på sidan av fulle arbeidsdagar. Samstundes ser eg kor krevjande det er å stå i ein struktur der sentralisering og effektivisering lenge har vore førande premis.

Tida som nestleiar har styrkt overtydinga mi om at vi treng meir openheit for ulike driftsformer, og større vilje til å lytte til dei som faktisk står i kvar-dagen ute på bruka. Skal vi lukkast med rekruttering og beredskap, må fleire kjenne seg heime i politikken som blir forma.

KVA ER DINE FANE-SAKER OG FORVENTNINGAR?

Mi viktigaste fanesak er matberedskap i praksis. Det handlar om å halde jord i drift i heile landet, sikre økonomi i små og mellomstore bruk, og ta vare på kunnskap og ressursar som ikkje kan erstattast raskt dersom dei først forsvinn.

Eg er særleg oppteken av:

- desentralisert matproduksjon
- bruk av utmark og beitedyr
- jordvern og langsiktig ressursforvaltning
- at bonden blir sett som ein del av samfunnets beredskap, ikkje berre ein marknadsaktør

Forventninga mi er ikkje raske løysingar, men at politikken tek innover seg alvoret i situasjonen – og handlar deretter.

KVA TENJER DU ER DET VIKTIGASTE FOR LANDBRUKET FRAMOVER?

Det viktigaste er å sikre at fleire kan leve av å produsere mat, også utanfor dei mest sentrale områda. Utan økonomisk berekraft finst det verken miljømessig eller sosial berekraft.

Vi må bort frå tanken om at færre og større alltid er betre. Eit robust matsystem er bygd på mangfald, spreiding av risiko og lokal tilpassing. Landbruket er ein del av totalberedskapen, og det må få konsekvensar i både politikk og prioriteringar.

FØREBILETE / NOKON DU SER OPP TIL?

Eg blir inspirert av men-

neske som vågar å gå eigne vegar, også når det kostar. Det treng ikkje vere folk eg er einige med i alt, men folk som står for det dei er, tek ansvar og ikkje let seg styre av straumen.

Eg har stor respekt for bønder og småbrukarar som har halde ut gjennom generasjonar, og for dei som tør å ta ordet – sjølv når det gjer dei upopulære.

OM VENER SKAL BESKRIVE DEG – KVA SEIER DEI DÅ? KVEN ER DU I VENE-FLOKKEN?

Truleg vil dei seie at eg er sta, engasjert og alltid i gang med noko. Eg er ikkje den som pratar mest, men eg seier ifrå når eg meiner noko



Nina og Hagenesa

er viktig. Eg er open og varm, men også tydeleg. Eg skil mellom sak og person, og har lite tolmod med spel og omvegar.

NÅR DU SKAL SLAPPE

AV? Då syr eg, strikkar, les, lagar mat eller sit rundt bålet. Arbeid og fritid glir ofte over i kvarandre, men det gir meg også ro å skape noko med hendene.

KVA ER DIN IDEELLE

FERIE? Den ideelle ferien er på Langøyna – ro, lesing, bål, gode måltid og seine kveldar. Eg likar best ferie der ein er til stades, ikkje der alt er ferdig tilrettelagt. Utlandet må opplevast til fots og saman med folk som bur der – masseturisme freistar lite.

HOBBYAR – OM DU

HAR TID? Søm, strikking, bygging, interiør, hage og dyrking. Og båt, når høvet byr seg.

LESESTOFF, MUSIKK? Eg les mykje fagstoff om ulike driftsformer, jordbrukspolitikk og samfunn. Elles bøker om livsval, livsstilar og menneske. Musikken varierer – etter arbeid, humør og årstid.

MAT TIL KVARDAG OG



Sauer på Korshåjen gard



Kjell-Håkon

FEST?

Eg er glad i mat frå botnen, og eksperimenterer gjerne med inspirasjon frå ulike land og kulturar. Men husmannskosten

kjem alltid att. Og middag utan poteter – det kan knapt kallast middag.

Alle foto: Nina Gjelsvik

Kvifor skal eg være eigar av TINE-samvirket?

- Eit samvirke som arbeider for best mogleg økonomisk resultat frå din mjølkeproduksjon
- Trygg og forutsigbar avsetning av mjølka.
- Tilgang til verdfull kompetanse i alle deler av mjølkeproduksjonen.
- Ein gunstig startpakke som ny brukar.
- Eit godt fagleg og sosialt miljø i produsentlaget.
- Eit samvirke som sikrar deg konkurransekraft og påverking vidare i verdikjeda.

Saman skaper me eit levande Norge
medlem.tine.no





DRØV Serien til melkekyr og storfeoppdrett



www.norgesfor.no

DRØV Serien til sau og lam



IDEAL Serien til purke, smågris og slaktegris



DRØV Serien til geit

Kraftfôr frå Ottadalen Mølle

- Norgesfôr bruker varmestabil **Levucell**® Levande Gjær i DRØV- blandingar.
- Norgesfôr bruker organisk selen og e-vitamin i IDEAL svinefôr - blandingar.

Kontakt for tilbud og bestilling:

Ottadalen Mølle, Lom:	Tlf: 61 21 18 20
Tenden AS:	Tlf: 57 87 69 10
Salg, Vestlandet:	Tlf: 94 79 15 79
	Tlf: 46 91 13 18

GRATIS utkjøring av småsekk og storsekk fra våre lager i Stryn, Hafslo og Ørsta!

Besøk vår heimeside www.norgesfor.no/ottadalen



Følg oss på facebook for tilbud og nyheiter!



Ottadalen Mølle

NORGESFØR

Alltid der for deg



Nær bonden

med uavhengig rådgiving

Norsk Landbruksrådgiving SA | nlr.no | nlr@nlr.no | 99 12 40 00



Vi har det meste rimelegare enn dei fleste!

Klippeutstyr



Hengemaskiner, handklippemaskiner med batteri eller 230 V, knivar, kammar m.m.

Aktuelt til lamminga



Mjølkepumpe for sau, geit og ku. Enkel i bruk.

Råmjølkserstatning - reddar tusensvis av lam.

Lammebar - med 5 eller 10 smokkar monterte oppe. Størrelse 20 til 65 liter.

Drikkeutstyr for sjølvmontering



Vi har alt du treng for montering av drikkeutstyr til husdyr. Mange modellar drikkekar, trau, stål- og plastrøyr, røyrdelar m.m.

Gjerdeutstyr



Stort utval i elektrisk gjerdeutstyr.

Nessemaskin

Sjøarsv. 5, 6994 Nessane, Tlf. 57 69 48 00

www.nessemaskin.no

Bovaer

Innlegg på Facebook av Silje Åsnes Skarstein

Bovaer. Stoffet som skulle redde verda! Kyr skulle slutte å rape, biologiske prosessar vart overflødige og ein skulle sleppe å tenke meir på klima i norsk landbruk, rett og slett quick fix-preparatet frå himmelen, viser seg no å være livsfarlig om ein blander det med feil type for! (ref. Nationen)

Men ka søren? Alle har lovd at dette var heilt trygt, det hadde vert forska på i 15 år! Ingen problem oppdaga, og vi kunne trygt gi det til kyrene våre, få restar i melk og kjøtt, heilt uten problem eller bivirkninger. Garantert av alle med peiling på slike ting...

Vi skulle stole på dei! Alle som var kritiske vart anklaga for å bruke foliehatt og vart latterliggjort.

Ingen voksne var heime verken i landbruket, politisk nivå, eller i media. Alle var enige: Bovaer er redninga for å sleppe å gjere faktiske tiltak i norsk landbruk, som sånne kjedelige ting som grøfting, kalking, avl og alt sånn som tar tid liksom.

Bovaer

Ny studie: Bovaer kan gjøre kyr syke hvis de spiser raps



En dataanalyse viser at Bovaer i kombinasjon med et høyt svovlinnhold i fôrrasjonen øker risikoen. [Vis mer](#)

Klipp frå Nationen (13.01.2026)

Men så begynte kyr å bli sjuke og dø i Danmark, det viste seg at også i Norge på forsøksgårdane var det litt styr, men pytt, pytt, det var nok garantert eit eller anna feil bonden hadde gjort eller kanskje det var løgn alt sammen og egentlig russisk propaganda (heilt sant, mange påsto dette). Det var

ivertfall IKKJE bovaer det var noko gale med!

Men så viser det seg altså, at trass i 15 års forskning (på mus i laboratorier ...) så er det livsfarlig å mate kyr med bovaer samtidig som dei får raps!! Hallo? Burde ikkje dette vert fanga opp av alle dei flotte forsøka og ila alle

åra med testing?

Det er faktisk heilt sjukt at vi bønder skulle bli tvinga til å gi dette stoffet til dyra våre frå 2027 når det viser seg at det faktisk ikkje eingang er forska på korleis det virker saman med noko så vanlig som raps! Kva meir har dei unnlatt å forska på? Langtidseffekt?

Kva skal løysinga være no då? Forby rapsmel i kraftfôret? Tvinge alle til å kun bruke soya frå regnskogen? (Vil anbefale alle å google kva som er mest miljøvennlig av dei to ...)

Blir spennande å sjå korleis dette no skal forsvarast av alle som har interesse av å fortsatt bruke bovaer ...

Og forresten, sjølv om alle forsøk på norske melkebruk med Bovaer er stoppa så er det fortsatt i bruk på NMBU, og den melka går fortsatt rett ut til forbruker, Tine-bilen er der og hentar melk fleire ganger i månaden ... Så nokon har fortsatt trua på at dette er løysinga.


Nei, eg teke på meg foliehaten og trekker meg tilbake og håper at folk flest klarer

å få snudd denne galskapen med å forhindre naturlige prosessar.

For eg trur ikkje mannen i gata synst det er greit å forgifte kyrene våre kun for å bli grønare på papiret, og eg er litt bekymra for at norsk landbruk ser annleis på den saka.



Returadresse:
Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag
Hornnesvegen 113
6809 FØRDE



På lag med landbruket

Forsikring

Pensjon

I Gjensidige er vi stolte av å samarbeide med Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Sammen kombinerer vi erfaring og ekspertise slik at du kan sikre deg og dine, og alt som er ditt.

Som medlem av Norsk Bonde- og Småbrukarlag får du gode rabatter på privatforsikringer, driftsforsikringer og pensjon hos Gjensidige.

Les mer på gjensidige.no/landbruk, eller ring oss på 915 03100.



Norsk Bonde-
og Småbrukarlag

Gjensidige

